


## Innkalling til Utdanningsutval, FHS

Dato: 28.9.20 ZOOM møte kl 09:00-11:00

**Til stades:** Toril Forbod, Anne-Grethe Naustdal, Eli Bjøvdal Eikefjord, Johannes Haltbakk, Unni Margrethe Uren Aasen, Kristin Senneset, Lovise Vedvik (studentrepresentant), og Hilde Kristin Tveit

**Forfall:** Cecilie Thaulø Løvlid og Fredrik Sørensen (studentrepresentant)

Sak	Dokument	Kva skal skje i møtet?	Prosess	Ca tid
1/20 Godkjenning av innkalling og sakliste		Innkalling og sakliste skal godkjennast med evt kommentarar. Er det saker til eventuelt?	Prodekan	5 min
<b>Referat:</b> Innkalling og sakliste ble godkjent utan kommentarar. Det blei ikkje meldt saker til eventuelt.				
2/20 Beredskapsarbeid	Vedlegg i Teams:  Vedlegg til sak 2 Beredskapsarbeid kny	Utdanningsutvalet bes om å kome med innspel på fakultetet sitt beredskapsarbeid. Kva må vi vere særleg merksame på i tida framover?	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	30 min
<b>Referat:</b> Prodekan orienterte om fakultetet sitt beredskapsarbeid. Saka skal og diskuterast i Fakultetsrådet. Spesielt Campus Bergen har hatt utfordringar i snart 3 veker. Tiltak som gjeld Bergen får også konsekvensar ved andre campus. Det er størst utfordring i kommunane då dei har karanteneroglar som vi både veit om og ikkje veit om. KS Vestland har sendt ut informasjon til kommunane om at det er viktig at studentar får gå ut i praksis. Lokale tiltak begrensar tilgang på praksisplassar.				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Det er mykje digital undervisning og det er krevjande å få god kvalitet på undervisninga. Det er behov for opplæring og støtte til digital læring. Fakultetet har ikkje hatt fått fleire ressursar til den auka digitaliseringa av undervisninga, noko som er krevjande for dei fagtilsette. Studentar er mykje aleine. Fakultetet ynskjer no å opne opp for eigen trening kring ferdigheitstrening/simulering.




#### Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Det er gjort eit godt arbeid med beredskap i fakultetet. Kor lenge skal ein beredskapssituasjon vare? NTNU har til dømes lagt mest muleg av beredskapsarbeid ut i linja.
- Utfordringar knytt til kvaliteten på undervisninga. Karantene og sjukdom gir mykje fråvær for studentane. Når må vi stoppa studentar pga. mulighet for å gje godt nok fagleg tilbod/sikre god nok progresjon i studiet?
- Det er slitasje på fagtilsette. Emneansvarlege, har fått ei særleg utfordring med å organisere undervisning via fleire klasserom. Streaming er mogeleg, men alt rundt er likevel ikkje på plass. Fagtilsette vegrar seg for å ta i bruk streaming i klasseroms undervisninga då dei får lite support til å gjere dette. Konsekvensen er lite fysisk undervisning.
- Kvalitetssikring og informasjonsflyt er ei utfordring. Kommunar lager særordningar som utfordrar studentar i praksisstudiar. Informasjon til fag og studentar er utfordrande.
- Studentane si problematikk er også informasjonsflyt. Dei fleste studentane er førebudde på at informasjon er utfordrande. Kontakt med fagtilsette er dårlegare pga. større avstand (ikkje face to face).
- Kva med timeplanlegginga til våren? Ei gruppe jobbar med dette på HVL.
- Er det mogelegheit for studentane å ta igjen praksis? Utfordrande sidan det er ei fortetting i praksis. Fakultetet gjer alt dei kan for å oppretthalde studieprogresjonen til studentane.
- Master klinisk sjukepleie har undervisning på tre campus. Det har gått greitt. Dei har mindre problem enn bachelorutdanningane. Praksisemna i haust går som planlagt. Dei har eksterne forelesarar som treng hjelp til digital undervisning.
- Flyt av informasjon er hovudsakleg gjennom nettsidene. Fakultetet bør og byggje opp ei møteserie der studentane får fleire møtetidspunkt der dei tillitsvalte kan møte instituttleiinga og fakultetsleiinga.
- Er det noko løysing på PTE (praktisk teoretisk eksamen)? Når studentane ikkje kan øve er det vanskeleg å ha ein praktisk eksamen. Då må eigen trening opnast opp. NTNU har allereie opna for dette.

Innspela frå utdanningsutvalet tas med i det vidare arbeidet med beredskap i fakultetet. Å sikre studentanes studieprogresjon er sentralt i dette arbeidet. Fakultetet jobbar allereie med ein plan der studentane kan møte kvarandre i gruppe.

<b>3/20 Innspel til studieportefølje 2021-2022</b>	Vedlegg i Teams:	Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på fakultetet si plan for studieportefølje 2021 – 2022.	Prodekan eller/ Leiar for studieadministrasjonen	30 min
--	------------------	--	--	--------

**Fakultet for helse- og sosialvitskap**


	 Studieportefølgje 2021-2022 FHS - notat		orienterar og innleiar til diskusjon	
<p><b>Referat:</b></p> <p>Prodekan gjekk gjennom arbeidet med plan for utvikling av studieportefølgje (føljer SEFØ modellen). Saka skal til prorektor og styret i midten av oktober og endeleg vedtak skal gjerast av styret i november. Fakultetet har nett sendt inn søknad om å få akkreditera:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Erfaringsbasert master i relasjonelt arbeid</li> <li>• Master i sjukepleie – kliniske spesialitetar</li> <li>• Klinisk allmennsjukepleie</li> </ul> <p>I tillegg er det søkt om vesentleg endring i master i KBP. Akkrediteringssøknadene skal opp i Utdanningsutvalet, HVL 13.10.20.</p> <p>Deltidsutdanning i sjukepleie i Førde omarbeidast til ei desentralisert utdanning. Ei slik desentralisert utdanning er etterspurt av fleire kommunar. Fakultetet har søkt om studieplassar då dei til dømes manglar studieplassar til Haugalandet.</p> <p>Dekan har nyleg godkjent mandat og samansetting av studieplan komité for Master i sosialvitskap.</p> <p>To ulike ordningar for master i barnevern er til høyring. Fakultetet må sjå dette i samanheng med dagens master i samfunnsarbeid og behovet for meir fagspesifikk master til vernepleie og sosialt arbeid.</p> <p>Master i psykisk helse og rusarbeid og RETHOS 3 vil også påverke arbeidet med studieportefølgje.</p> <p>Helsesjukepleie aukast frå 60 til 90 sp. Fakultetet har søkt om fleire studieplassar til både nye og eksisterande studietilbod.</p> <p>Fakultetet har fått tildelt Diku midlar for utvikling av desentralisert utdanning i vernepleie.</p>	 Vedlegg 1 Samlet studieportefølgje for 2021-2022			
	 Vedlegg 2 Periodisk evaluering av samla s			

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

**Kommentarar frå Utdanningsutvalet:**

- Fakultetet har mange mastergrader og mange av dei er fagspesifikke innanfor same fagområde. Er det gjort ei vurdering for kva som er berekraftig? Vi kan til dømes ikkje telle fagtilsette fleire gonger.
- Nytt masterprogram i sjukepleie skal vere både betaling og internfinansiert – er det mogeleg?
- Det er bra at det opprettast to faglege spesialitetar inn under master i KBP ( radiografi og ergoterapi)
- Gjennomstrøyming i klinisk sjukepleie med alle sju studieretningar er utfordrande. Studentane får løn frå helseføretaka for å ta 90 sp utdanning. Dei fleste studentane avsluttar studiet og seier dei har ikkje råd til å ta de siste 30 sp. Det er heller ikkje helseføretaka interessert i då dei vil ha studentane tilbake i jobb. 1. oktober kjem nye takk frå DBH. Då veit vi meir om gjennomstrøyminga.
- RETHOS 3 er forsinka i prosessen kring klinisk master sjukepleie, notatet leverast ikkje før i november, med høyringsfrist i mars.
- Desentralisert vernepleie tas med inn i notatet

Utdanningsutvalet ser det er gjort eit godt arbeid med utvikling av studieportefølja og ber om at innspela i møtet tas med i det vidare arbeidet.

<p><b>4/20 Utvikling av fellesemne for internasjonale studentar</b></p>	<p>Vedlegg i Teams:</p>  <p>Vedlegg til sak 4_.docx</p>	<p>Utdanningsutvalet bes om å gje råd til om det bør utviklast eit fellesemne for internasjonale studentar på 3 sp og kva for tema eit slikt emne kan innehalde.</p>	<p>Kvalitetsrådgjevar Hilde Tveit orienterar og innleiar til diskusjon</p>	<p>20 min</p>
---	--	--	--	---------------

**Referat:**

Kvalitetsrådgjevar presenterte saka om samarbeid om å utvikle eit fellesemne på 3 sp som kan supplera 15 sp emne slik at studentinnveksling blir på 18 sp. og 3 månadar. Ei samansett gruppe av fagpersonar frå ulike utdanningar kan samarbeide om å utvikle eit slikt emne. Emnet kan gjennomførast samstundes eller kvar for seg alt etter kva som passar inn i studieprogramma. Den einskilde utdanning følger opp studentane i undervisninga med diskusjonar, seminar og liknande. Tema kan vere oppbygging av helsevesenet, sosialomsorga og lovverket i Noreg mm.

Kva tykkjer utdanningsutvalet om eit slikt emne og har dykk nokre innspel til innhald og organisering av eit slikt emne?


**Innspel frå Utdanningsutvalet:**

- Det er ei god ide at fleire av utdanningane kan dra nytte av eit slikt emne.
- Prinsipp med innveksling er at dei skal vere i lag med norske studentar. Viktig at det blir sett i samanheng med det andre emne på 15 sp

### Fakultet for helse- og sosialvitskap

- Kan emnet også vere for dei studentane som skal reise ut? Det vil løyse utfordringa med at emnet berre er laga for inn reisande studentar.
- Kan emnet gjerast digitalt?
- Dei internasjonale studentane kan få ei oppgåve der dei presentera helsevesenet i eiga heimland og koplar det opp mot norske forhold.
- Forslaget er ein teknisk tilpassing og løysing på å tilby 3 månadar utveksling.
- Crossing Borders er internasjonalt emne på 30 og eit slikt emne er der derfor ikkje stort behov for hos BSV utdanningane.
- FLKI har eit språkkurs, kan vi nytte dette? Språk og kultur skal ikkje inngå som del i emna. Emna skal ha eit fagleg innhald. Språk er noko som kjem i tillegg og skal ikkje reknast inn i studiepoenga.

Utdanningsutvalet er positiv til at det utviklast eit 3 sp internasjonalt emne som fleire utdanningar kan nytta. Emnet kan gjerne vere digitalt. Emnet bør ikkje berre vere for innkomne studentar. Det anbefalast at ei tverrfagleg gruppe jobbar vidare med å utvikle eit slikt emne.

<b>5/20 Ansvar- og ressursfordeling for fellesemne MAMET500</b>	Vedlegg i Teams:   Ansvar og ressursfordeling for e	Utdanningsutvalet bes om å gje innspel på ramma i dokumentet og om det bør utviklast liknande dokument for andre fellesemne i fakultetet	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	10 min
---	---	--	---	--------

#### Referat:

Det er laga ei oversikt over kva ansvar emneansvarleg og emnekoordinatorar har i dette fellesemnet. Det er også laga ei oversikt over tal på timar som krevst for å følge opp studentane i emnet. Det er mellom anna anbefalt ei gruppestørrelse på minimum 20 studentar i videokonferansar og 3 studentar pr gruppe for dei seks obligatoriske læringsaktivitetane. Dette gjer at dei ulike utdanningane vil få fleire timar om dei har fleire studentar i emnet.


På bakgrunn av forslaget vil fakultetet laga ei mal for tildeling av ressursar til dei ulike utdanningane.

Notatet har vært oppe til behandling i leiarmøte og skal brukas i neste års planlegging.



#### Kommentarar frå Utdanningsutvalet:

- Ligger nært opp til det som har våre gjort ved master i klinisk sjukepleie.
- Det er klargjerande å skilje på ansvar mellom emneansvarlig og emnekoordinatorer.
- Det er nyttig å ha eit slikt dokument.
- Ei viktig melding til studentane i dette emnet er at dei må bruke tida i emnet til å lære.

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

Utdanningsutvalet er positiv til at det er utarbeida ei slik ramme for MAMET500 og støttar opp under at dette kan implementerast allereie våren 2021.				
<b>6/20 Sak frå Eining for eksamen</b>	Vedlegg i Teams  Notat til utdanningsutvalet FH!	Utdanningsutvalet har fått tilsendt ei sak frå Eining for eksamen, der dei ber fakultetet om å endra: <ul style="list-style-type: none"> <li>• tidspunkt for ny eksamen</li> <li>• frist for oppmelding til ny eksamen</li> </ul> Utdanningsutvalet bes om å gje råd i saka.	Prodekan orienterar og innleiar til diskusjon	5
<p><b>Referat:</b>            Det har vore ulike tidspunkt for når ny eksamen i emne har vært gjennomført på dei ulike campusane i fakultetet. Det har også vore ulike fristar for oppmelding til ny eksamen i studium med progresjonskrav.</p> <p><i>Einig for eksamen</i> foreslår i sitt notat følgende:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Emne som har ordinær skriftleg skuleeksamen i perioden januar/februar arrangerer ny eksamen i tidsrommet 25.mai- 5. juni i same semester.</li> <li>• Utdanningar som ikkje har progresjonskrav for påfølgjande semester arrangerer ny eksamen i tidsrommet 15. august – 1. november. Vi forstår det slik at det er tilfelle for dei fleste utdanningane i nye studieplanar.</li> <li>• Frå 01.01.2021 ynskjer dei at det blir lik frist på alle campus: Frist for oppmelding til ny eksamen blir <b>3 veker (21 kalendardagar) før eksamen</b>. Det vil være nokre unntak då ordinær og ny eksamen kjem for tett på kvarandre til at dette lar seg gjere, men desse vil dei handtere manuelt, dvs. sende melding til dei studentane det gjeld.</li> </ul> <p><b>Kommentarar frå Utdanningsutvalet:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Endringane ser greie ut og er mogeleg å gjennomføre i den nye studieplanane.</li> <li>• Det er bra at dette gjerast likt ved dei ulike campusane, spesielt no når det er like studieplanar.</li> <li>• NB- ein må sjekke om dette er mogeleg å gjere utan at det kollidera med praksisperiodane</li> </ul> <p>Utdanningsutvalet støttar dei endringane som <i>Einig for eksamen</i> foreslår i sitt notat.</p>				
<b>7/20 Orienteringar</b>	Lenkene er lagt inn i innkallinga. Dei andre ligg i Teams.	Utdanningsutvalet får sakane til orientering.	Prodekan orienterar	15 min

**Fakultet for helse- og sosialvitenskap**

	<p>Munnleg løypemelding: nye master- og BA- utdanningar</p> <p>Munnleg løypemelding Diku-prosjekt "Utvikling av desentralisert deltidsutdanning i vernepleie" <a href="#">Sluttrapper</a> <a href="#">Praksisprosjektet</a></p> <p><a href="#">Tillitsvalthandboka</a></p> <p><a href="#">BA Thesis</a></p> <p><a href="#">MA Thesis</a></p> <p><a href="#">Quality framework</a></p> <p>Anonym undersøking – felles spørsmål</p> <p> Orineteringssak Anonym us - spørsmål</p> <p>Rapport evaluering Covid 19 våren 2020</p> <p> Rapport - hele fakultetet.pdf</p>			
<b>Referat:</b>				

### Fakultet for helse- og sosialvitenskap

Prodekan informerte om at det har vore god søknad til master i samhandling og folkehelse. Det har også vore ein god studiestart på tross av pandemien sine utfordringar. Fakultetet er godt i gang med fellesemnet *Danning og akademisk handtverk*.

- Vernepleieutdanninga fekk tildelt 2 mil DIKU midlar til prosjektet “Utvikling av desentralisert deltidsutdanning i vernepleie” Dei har hatt stor etterspørsel til ei slik utdanning. Tal på søkjarar til vernepleieutdanninga har gått opp og nasjonale føringar vil innebere eit større behov for vernepleiarar framover. Det er eit samarbeid ml Haugesund, Stord, Sogndal og Bergen. Prosjektet skal ta i bruk den nye studieplanen . Dei ser no på lubbane og kva som bør koplast til undervisning på campus og kva som kan gjerast digitalt. Praksis vil strekkast over ein lengre periode for at studentane lettare skal kunne kombinere jobb og utdanning.
- Rapportane til praksisprosjektet ligg ute på nettsida.
- Sei i frå – studentar melder om at dei får sein melding om kor dei skal i praksis. Det gir dei utfordringar med å skaffe hybel. Fakultetet må jobbe med ein betre måte å tildele praksisplassar på.
- Rettleiar for BA- MA oppgåva er no oversett til engelsk.
- Felles spørsmål til Anonym undersøking er no anbefalt av Utdanningsutvalet, HVL.
  - Utvalet meiner det er viktig å ha med rom for fritekst
  - Er det tilrettelagt for å svare om når det er fleire lærarar i et emne?

Evaluering Covid 19 våren 2020. Dei ulike fakultet hadde ulike evalueringar. FHS må jobbe med kvalitetssikring av digital undervisning og rettleiing. Studentane er misfornøgd med oppfølging også i praksis. Nokre studentar melder mellom anna om at dei har hatt lite kontakt med læraren når dei har vært i praksis.

Utdanningsutvalet tek sakene til orientering.

<b>7/20 Eventuelt</b>	Vedlegg:			5 min
<b>Referat:</b> Ingen saker				